

Føring for gjennomføring av skuletur på Lye ungdomsskule

«Skolen er gratis

Det er gratis å gå på skole i Norge. Dette gjelde både grunnskolen og vidaregående skole. Dersom skolen drar på tur, enten det er dagsturar, lengre turar i inn- eller utland, avslutningsturar eller leirskole, skal dette være gratis for elevane.

Det er mange kommunar og skolar som ikkje finn rom for å dra på turar. Enkelte stader har det derfor vakse fram kreative foreldreinitiativ for å sikre at elevane likevel kan dra på tur. Nokre plassar tar foreldra på seg oppgåve med å samle inn pengar til skolen for på den måten å få til skoletur, andre vel å arrangere ein eigen tur som ikkje er skoletur.

Dersom foreldra samlar inn pengar og skolen arrangerer turen, kan det være ei god løysing. Skolen kjenner elevane, lærerar er med, skolen sin forsikring gjeld, skolen sine reglar gjeld og skolen har ansvaret. Det er viktig å være klar over at det er frivillig for foreldre å betale inn pengar til slike turar, og dei kan heller ikkje tvingast til å delta på dugnad eller å selje til dømes kakeboksar eller dopapir.» Statsforvaltaren i Rogaland

Vurderingar

Statsforvaltaren får frå tid til anna spørsmål om turar og betaling, om turen er lovleg eller om det eigentleg er ein skoletur der ein omgår gratisprinsippet. I ei slik vurdering er mellom anna følgjande moment relevante:

- *Blir turen arrangert i skoletida?*
- *Kven er ansvarlege dersom det oppstår uhell på turen?*
- *Gjeld skolen sine forsikringsordningar?*
- *Kor kjem informasjonen om turen frå og kva innehold informasjonen?*
- *Gjeld skolen sitt reglement på turen?*
- *Er det utarbeidd sanksjonar og reglar om til dømes heimsending frå turen?*
- *Er turen reelt sett frivillig eller føler elevar og foreldre seg pressa til å vere med på tur?*
- *Er skolen involvert i innsamlinga av betaling for turen?*
- *Går turen fram av skolen sine planar eller årshjul?*
- *Er det organisert opplæring for elevar som ikkje er med på tur?*
- *Er det lærarar med på turen?*

Dersom svaret på eitt eller fleire av desse spørsmåla er ja, er det sannsynleg at vi vil vurdere at det reelt sett er ein skoletur, og dermed skal være gratis.

Tidlegare gjennomført Polen tur for elevar på 10. trinn på Lye ungdomsskule er ut frå fleire av kulepunktta ovanfor å rekna som ein skoletur.

For framtidige skuleturar må følgande punkt oppfølgast:

- Turen vert arrangert i skuletida og det er lærar/tilsette frå skulen med på turen.
- Det kjem fram i ROS analysane kven som er ansvarlege for oppfølging dersom det oppstår uhell på turen.
- Skulen sitt ordensreglement og forsikringsordningar er gjeldande på turen. Det er utforma sanksjonar for til dømes heimsendingar frå turen.
- Informasjon om turen, føringar og reglar blir sendt ut til alle føresette frå skulen ved ansvarleg lærar/kontaktlærar.
- Det skal ikkje utøvast noko form for krav eller press i ulike kanalar til foreldre/føresette om å bidra til turen, ut over matpengar.
- Skulen knyter turen til verdiar og prinsippa for grunnopplæringa henta frå overordna del samt kompetanse mål i til dømes Kroppsøving og Samfunnsfag – LK20. Turen må inn på trinnet sitt årshjul og komma fram i skulens planar.
- Den organiserte opplæringa for elevar som ikkje deltek på tur skal ta utgangspunkt i dei same kompetanse måla, verdiane og prinsippa elevane på tur arbeider etter i perioden.
- Skulen ved leiinga oppretta konto som er merka til føremålet.

For at innsamling av pengar til gjennomføring av turen er i tråd med lovkrava gjelder følgjande:

Foreldregruppa er einig om det er ønske om tur. Dei må bli einige om kor turen skal gå til og på kvifor eit trinn den skal gjennomførast på. Det er tidlegare vore vanleg med tur til Tyskland og Polen hausten i 10. Klasse.

Det er foreldregruppa som er ansvarlege for dugnad, søknader om tilskot og anna innsamling av midlar. Skulen tek ansvar for å følga med på midlane som kjem inn på turkontoen samt å betala fakturaer som kjem inn i forbindelse med turen. Skulen er og ansvarleg for å signera kontraktar og avtalar med reisearrangør.

Reisekomiteen utarbeider budsjett i samarbeid med rektor for kostnadane turen. Føresette hentar inn prisalternativ frå tur arrangør, til dømes Kvite Bussar. Lye u har 140 kroner per elev som kan nyttast til turen. I budsjettet vert det rekna inn kva utgiftene vil vera til:

- Tur arrangøren / Dei kvite bussane – inkludert overnatting, utflukter ++
- Transport til turen (tur-retur Lye u - reisemål)

- Dersom alle elevane reiser på tur vil det måtte samlast inn pengar til å dekke lønn for ekstra tilsette som er med på turen gjort ut frå skulen si vurdering av behov, samt utgifter til leirskuletillegget alle tilsette på skulen skal ha når dei dreg på tur med elevar. (Lønn ekstra bemanning utifrå behov + leirskuletillegg for alle+ reise og opphold utover vaksne som er dekka av reisearangøren)
- Dersom det er elevar igjen på skulen så må det i tillegg dekkast lønnskostnader for ekstra vaksen som skal gjennomføra ordinær undervisning for desse elevane i perioden.
- Utgifter knytt til eventuell heimsending av elevar saman med ein av dei vaksne

Dersom det vert planlagt for tur skal skulen ved leiinga oppretta konto som er merka til føremålet. Denne kontoen skal berre vera tilgjengeleg for administrasjonen.

FAU/reisekomiteen vil få fortløpende informasjon om kor mykje som står på denne kontoen.

Reisekomiteen må invitera med kontaktlærarane og eventuelt og rektor på møter som omhandlar tema som skulen har ansvar for. Skulen sine representantar treng ikkje delta på møter som kunn handlar om dugnadar / innsamling av midlar.

Andre føringar som må være på plass:

Personalet som skal delta på turen skal utforma ROS (risiko og sårbarheits analysar- død, forsvinning, skade, ulykker, overgrep, vald....) av ulike hendingar som kan inntreffa. Desse skal vera kjent for alle føresette og spesielt dei vaksne som deltek på turen.

Foreldre melder seg frivillig til dugnad til reisekomiteen. Foreldre/føresette kan også gje frivillige bidrag til turen.

Det kan krevjast pengar av foreldra/føresette for å dekka utgifter til mat på turen.

Det skal ikkje utøvast noko form for krav eller press i ulike kanalar til foreldre/føresette om å bidra til turen, ut over matpengar.

Det skal ikkje nyttast rusmidlar av føresette i nærleiken av elevgruppa.

Før det bestillast tur må det gjerast opp status på innsamla midlar slik at ein har garanti for at det er samla inn nok midlar til å betale for turen. Er det ikkje kome inn nok pengar for den planlagde turen, må turen tilpassast nivået på det beløpet man har til rådighet, sidan ein ikkje har nokon steder å ta inn et eventuelt restbeløp.

Hovudregelen er ei bemanning frå skulen si side på 15 elevar per tilsett og eventuelt ekstra tilsette gjort ut frå skulen si vurdering av behov.

Det er ønskeleg med framvist politiattest for vaksne som melder seg på turen. Dette gjeld spesielt dei vaksne som er med på å sitte kveldsvakt.

Det er også ønskeleg at alle føresette som er med på turen signerer teieplikt.

Turen vert gjennomført i løpet av dei vanlege skuledagane/vekedagane og opp til 5 dagar.

Dette må reisekomiteen bli einige om før innsamling og planlegging av tur startar:

Kor mange foreldre/føresette trenger/kan/skal vera med?

Kva skal eit evt. overskot gå til? Avslutning, velgjerd, utstyr til felles gode skole
(benker, tennisbord ute osv.), går videre til neste trinn som skal på tur?

Køyreregler for foreldre/føresette som deltek på turen knytt til teieplikt o.a. inkludert
dette med sosiale media og kva reglar som gjeld.

Vurdera turen lagt heilt på tampen av 9 eller tidleg i 10. Trinn. Kan ikkje
gjennomførast på vårsemesteret på 10. Trinn.